

**LINDÅS KOMMUNE**

Teknisk etat
Byggesaksavdelinga
5914 Isdalstø

Arkiv: 171/002
Saksmappe: 99/03614-24
Sakshandsamar: Tore Svendsen

A/S Garmann & Co.
Postboks 16 Kokstad,

5863 BERGEN

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
235/02	<i>Delegert sak handsama av bygningssjefen</i>	08.10.2002

Lindås Fiskeoppdrett A/S - Søknad om igangsettingsløyve Treskallen - Lona - Storavatn

Dokument :

Søknad om igangsettingsløyve, motteken 04.10.2002.

- teikning i målestokk 1:50/100
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- framlegg til kontrollplan for utføring
- kontrollerklæring for prosjektering
- notat frå synfaring 18.08.02
- orienteringsskriv, 02.10.02(resultat av synfaring)
- kvalitetssikring - leidningdimensjonering
- notat – flomvurdering,02.10.02
- NVE, 30.03.00, vedk. "Dam ved Storevatn"

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld løyve til å setja i gang siste del av arbeidet: Overbygg, røyrleggerarbeid og fisketrapp. Rammeløyve vart godkjent av formannskapet som sak 124/00(klage) og stadfesta av fylkesmannen i brev dagsett 27.10.2000. Igangsettingsløyve for første del av arbeidet var godkjent av bygningssjefen som sak 255/01.

Arbeidet med dam og betongkonstruksjon i samband med ventilkummen(sak 255/01) er utført. Under dette arbeidet har ansv. UTF "tilpassa" konstruksjonen noko slik at det har vore naudsynt å endre godkjent teikningsunderlag. Vidare har ein også trekt den nordre del av ventilkummen mot vest for å opna flomløpet nedstrøms dammen. Det er sendt inn justerte teikningar som syner desse endringa.

Røyrarrangementet i samband med damarbeida, for tapping av vatn frå Storavatn og vassmålar, fekk noko avvikande utforming i høve opphavlege skisser.

Ansv. KPR har ingen prinsipielle merknader til endringane, men presiserer at røyrinntaka oppstrøms må sikrast tilfredstillende med rist, som sikring for publikum og at større gjenstander ikkje vert trekt inn i røra.

Det var synfaring på staden 19.08. d å med påfølgjande møte, av di det vart avdekka tilhøve at det ikkje var samsvar med utføring og godkjende teikningar.

Omsøkt overbygg, 6.25 m², for tilkomst til ventilarrangementet vert kledd med villmarkspanel, torvtak og får ein farge som passer med omgjevna. Det vert lagt ein mur på 80 cm for å sikre mot flom. Det er tenkt ståande panel. Bygningssjefen ber om at liggjande vert vurdert.

Fisketrappa vert tilpassa dam, lukeopning og kumutforming etter at dette er på plass.

Elvebunnen og sidene nedstrøms skal sikrast mot erosjon ved bruk av store steiner.

Tiltakshavar vil montere flettverksgjerde for å sikre dammen i h t pbl § 83(gml brønnlova). Det er framlegg om å arbeide opp grusa sti forbi konstruksjonane.

Det er ført elektrisitet fram til anlegget.

Vurdering :

Bygningssjefen har ingen merknader til at det vert sett i gang arbeid som omsøkt. Men bygningssjefen har merket seg at det er gjort endringar undervegs som ikkje er klarert ut med kommunen på førehand. Det er uheldig.

Bygningssjefen er av den oppfatning at flettverksgjerde ikkje er naudsynt, dersom ikkje dammen m v har vorte så kunstig at det er vanskeleg ut frå terrengformasjonen å sjå denne og med det frambringe fare for publikum som ferdast i området. Bygningssjefen er skeptisk til å anlegga grusa sti i området, men meiner at området ikkje bør arbeidast opp meir enn det som er naudsynt. OK med rydding/kvisting, men det skulle vera tilstrekkeleg.

Vedtak:

Søknaden om igangsettingsløyve etter plan- og bygningslova § 93, jf. § 95a nr 2, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår:

1. Kontroll av plassering skal dokumenterast av kontrollansvarleg før byggjearbeida vert sett i gong(plan- og bygningslova § 70 nr.1).
2. Dersom det vert endringar under arbeidets gang, skal dette godkjennast av bygningssjefen på førehand.
3. Røyrinntaka oppstrøms dammen skal sikrast slik at det ikkje er fare for publikum eller at større gjenstander vert trekt inn i røyra.
4. Overbygget skal tilpassast naturmiljøet på staden.
5. Fisketrappa skal førast opp i samarbeid med fylkesmannen sin miljøvernavdeling v/fiskeforvaltar eller annan instans med kunnskap om dette.
6. Dersom det vert arbeid opp sti så skal traseen berre verta kvista/rydda.
7. Flettverksgjerde skal monterast dersom det er fare for publikum å ferdast i området.
8. Seinast 1 månad etter avslutta arbeid skal området vera arrondert og sett i stand slik at såra i terrenget synast minst mogleg.

Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve(pbl § 99).

Arbeidet må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år(jf. pbl. § 96).

Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a)

Magne Hope A/S, 5954 Mongstad, vert lokal godkjent som ansvarleg føretak for heile omsøkt tiltak.

Framlegg til kontrollplan, utføring, dagsett 20.09.2002, vert godkjent.

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering(forvaltningslova § 27, tredje ledd).

for bygningssjefen

Tore Svendsen
sakshandsamar

Lindås Fiskeoppdrett AS, Nesfossen, 5955 Lindås